



Knut Aase  
Orrevegen 14  
5101 EIDSVÅGNESET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4108 - 14/18371

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
24.11.2014

## GODKJENNING- AREALOVERFØRING PÅ LITLEBERGEN, GNR 26 BNR 1 OG 34

**Administrativt vedtak. Saknr: 338/2014**

### Saksutgreiing:

#### Saka gjeld

Knut Aase har i søknad motteke 28.10.2014 søkt om arealoverføring av om lag 335 m<sup>2</sup> frå gnr. 26, bnr. 1 til gnr. 26, bnr 34 på Litlebergen. Arealet skal nyttast som kommunalparkeringsplass på Litlebergen. Meland kommune har inngått ein avtale med Jan Eirik Kolstad og Litlebergen Båtforening om etablering av parkeringsplassen.

Tiltaket medfører ingen endringar i teknisk infrastruktur (veg, vatn, avlaup, avkjørsle). Og er i samsvar med reguleringsplanen for Litlebergen.

#### Plan og lovgrunnlag

Den omsøkte parsellen ligg i reguleringsplanen for Litlebergen. Arealoverføring er i samsvar med godkjent reguleringsplan.

#### Nabomerknader

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Grensejusteringen er ein avtale mellom Meland kommune og Jan Eirik Kolstad. Jan Eirik Koslad er eigar av naboeigedom gbnr 26/11, 52 og rekvirent Knut Aase eig eigedommen gbnr 26/1. Naboar er tilstrekkeleg opplyst om tiltaket.

### Vurdering:

Søknaden om arealoverføring er kurant og kan godkjennast som omsøkt. Tiltaket er i samsvar med reguleringsplanen.

### Vedtak

«Meland kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav m, søknad om arealoverføring av om lag 335 m2 frå gnr. 26, bnr 1 til gnr. 26, bnr. 34, i samsvar med søknad motteke 28.10.2014 og som vist på situasjonskart av same dato. Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistrering, jfr pbl § 21-9.»

**Klage:**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. Fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

arealoverføring261

**Mottakere:**

Knut Aase

Orreveggen 14

5101

EIDSVÅGNESET